

Referat FAU og SU-møte torsdag 13. september 2018

1. Informasjon frå rektor:

- **Oppstart skuleåret 2018-2019**

God, men med utfordringar knytt til enkeltelevar. Systematisk arbeid for at dette ikkje skal prege miljøet. Fokus på 9a. Sosiallærar rundt i klassane.

9. trinn: Temadag over nyttår i regi av politi, helsesyster, psykisk helsearbeidar m. fl. om rus, graviditet, psyksisk helse m.m.

- **Lærarnorm**Skulen har dette skuleåret fått 1,2 stillingar meir som gjev to lærarar i basisfaga. No er det to lærarar i t.d. norsk og det vert variert mellom deling av klassen, små grupper er ute eller alle er i lag. Neste år kan denne organiseringa bli endra til at ein deler klassen slik at halve klassen har norsk og halve matte, og så byter ein neste time.

- **Økonomi**

Går i balanse. Har då fått tilført nær 1 mill. meir enn budsjetttramma på 24.3 mill. Det er viktig at det vert teke utgangspunkt i den reelle ramma på 25.3 mill i budsjettfordelinga for neste år. Viss ikkje vert utgangspunktet for tildeling feil.

- **Kommunale satsingar i skulen**

Det vart informert om satsingane VFL og Inkluderande skule- og barnehagemiljø.

- **Rekruttering av kvalifisert personale**

Skulen ser at det i åra framover, vil bli utfordrande å kvalifiserte lærarar i språkfaga og då spesielt i spansk og tysk som er dei faga ungdomsskulen tilbyr.

2. FAU-leiar, nestleiar, skrivar og kasserar

FAU-leiar: Stig Bruntveit

Nestleiar: Wendy Morstad

Skrivar: Anita Åkre

Kasserar: Magne Vikane Bjelland

3. Val av representantar SU og Skulemiljøutval

Samarbeidsutval

Fau-leiar: Stig Bruntveit

Elevrådsleiar: Sindre Ekeland Opsanger

Rektor: Lilli Britt Urheim

Lærer: Trude Sundsteigen

Repr. for andre tilsette: ?

Politisk representant: Kent Are Kjørsvik Petterson

Skulemiljøutval

Som SU, men med to medlemmer meir:

Foreldrerepresentant: Anne Holde Djuvstad

Elevrepresentant: Stian Marthinussen Vågenes

4. Eventuelt

- Representantar i FAU, meldte bekymring for rykter ang. rus på skulen. Rektor informerte om at skulen kjende til ei sak, men er avhengig av meir informasjon viss omfanget viser seg å vere større enn det som skulen har blitt kontakta om.
- FAU ynskte at juleballet vert arrangert etter same mal som førre skuleår. FAU ordnar med mat og vakter. Skulen handlar inn kylling, karbonader og brus om det er slik det vert organisert i år òg.

Referent:

Lilli Britt Urheim

-rektor, Husnes ungdomsskule-